

<arkivID><jpID>  
PlanID-46312022001,  
Plannavn-  
Kommuneplanen sin  
areal del for Alver,  
Komnr-4631, FA-L13

**Arkiv:**

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:**

09.08.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
111/23	Utval for areal, plan og miljø	30.08.2023

**Kommuneplanen for Alver-framlegg til vedtak-grovsiling av innspel på fritidsbustad**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for areal, plan og miljø gjev sin tilslutning til:

1. Framlegg til grovsiling, innspel på fritidsbustad, fase 1 og 2.

**Utval for areal, plan og miljø 30.08.2023:**

**Handsaming:**

**Framlegg frå Anne Grete Eide-Ap:**

Utval for areal, plan og miljø gjev sin tilslutning til:

Framlegg til grovsiling, fase 1 og fase 2 med følgjande endringar:

- Innspel 438 vert tatt med videre
- Innspel 313 vert tatt med videre

Framlegget vart samråystes vedteke.

**Protokolltilførsel:** APM ber om at Innspel 279 og 278 kjem opp på neste møte

**APM- 111/23 Vedtak:**

Utval for areal, plan og miljø gjev sin tilslutning til:

Framlegg til grovsiling, fase 1 og fase 2 med følgjande endringar:

- Innspel 438 vert tatt med videre
- Innspel 313 vert tatt med videre

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for areal, plan og miljø (politisk styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin areal del for Alver).

**Saka gjeld**

Utval for areal, plan og miljø er politisk styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin areal del for Alver.

Føremålet med dette framlegget til politisk sak:

- Vedtak av grovsiling av innspel på fritidsbustad, fase 1 og fase 2.
- Informasjon om prosess for plantema naust, småbåtanlegg og småbåthamner
- Kort status for planarbeidet og framdrift

## Saksopplysningar

### Bakgrunn:

#### Innspel på fritidsbustad

Grovsiling av innspel på fritidsbustad, fase 1 og fase 2, er utarbeida på bakgrunn av nytt kriterie for fritidsbustad som utval for areal, plan og miljø (politisk styringsgruppe) vedtok i møte 14. juni 2023 (sak 096/23):

*Tabell 1 Vedtatt kriterie for fritidsbustadområder*

NR.	KRITERIUM	BAKGRUNN	KJELDER
11	Nye fritidsbustadområder skal bygge opp om eksisterande fritidsbustadområder.	Prinsipp i samfunnssdelen: «Vi skal vurdere potensiale for fortetting, utviding og transformasjon av eksisterande bygde areal, før vi opnar for utbygging av nye områder».	Fagleg vurdering.

#### Om prosess for plantema naust, småbåtanlegg og småbåthamner

Lover, føringar og retningslinjer i strandsona er restriktive;

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/statlige-planretningslinjer-for-differensiert-forvaltning-av-strandsonen-langs-sjoen/id2850282/>. Premiss for arbeidet er at nye tiltak i strandsona bør vere retta mot å sikre innbyggjarane i kvar del av kommunen tilgang til sjø, i større fellesanlegg, framfor å opne opp for mange mindre område knytt til enkelteigedomar. Ved å samle tiltak i strandsona vert ålmenta sin tilgang til sjø også sikra, samstundes vert omfanget av punktvis utbygging i strandsona redusert.

I innspelsperioden til planarbeidet kom det inn 67 innspel på arealføremålet «andre typer bygg og anlegg» som inkluderer innspel på naust og småbåtanlegg og 25 innspel på småbåthamn. Administrasjonen er i sluttfasen med å få oversikt over innspel på småbåthamn og småbåtanlegg som er sendt inn til arbeidet med interkommunal plan for sjø, som skal handsamast i Alver sin arealdel. Det kan difor kome endringar i endeleg tal på innspel.

*Tabell 2 Definisjon av småbåthamn og småbåtanlegg*

Arealføremål	Forklaring
Småbåthamn (arealføremål kode 6230)	Litt større anlegg gjerne med eget driftsselskap, med utleie/salg av båtplasser.
Småbåtanlegg (arealføremål kode 1500)	Mindre anlegg, fellesanlegg, med båtplasser gjerne knytt opp til eiendommer

Kommunedirektøren si vurdering er at vedtatt metode for grovsiling av innspel, kriterie 9 og 10, ikkje gjev eit godt grunnlag for å grovsile innspel på naust, småbåtanlegg og småbåthamner. Kriterie 9 og 10 viser til kvalitetskrav frå planprogrammet som må vere oppfylt for at innspela skal vurderast. Det bør gjerast ei heilskapleg vurdering av status og behov for tilgang til strandsona, i ulike deler av kommunen, før ein kan vurdere innspela opp mot kunnskapsgrunnlaget.

Arbeidet med kartlegging av funksjonell strandsone, kartlegging av naturmangfold (kunnskapsgrunnlag for kommunedelplan for Naturmangfold) og temoplan for friluftslivets ferdsselsårer-ro- og padleled er ferdig. Kartleggingane gjev eit godt kunnskapsgrunnlag for å vurdere eventuelle endringar av arealbruken i strandsona. Kommunedirektøren tilrår følgjande prosess:

- Steg 1 (som er gjennomført): Kartlegging av funksjonell strandsone, kartlegging av naturmangfold og temoplan for friluftslivets ferdsselsårer (ro- og padleled)

- Steg 2: Overordna kartlegging; kor det er tilgang til sjø i dag og kor det eventuelt manglar tilgang til sjø. Føremålet er å gje ei samla tilråding til kor eventuelt nye områder for tiltak i strandsona bør lokaliseras.
- Steg 3: Vurdere innspela opp mot kunnskapsgrunnlaget.

**Vurdering:**

Framlegg til grovsiling av innspel på fritidsbustad

*Tabell 3 Grovsiling av innspel på fritidsbustad-tilråding*

Arealføremål	Tilrådd tas ut	Tilrådd tas med/tilrådd justert
Fritidsbustad	5 (1 fase)	19
Kode arealføremål 1120	24 (2 fase)	
Total	29	19

Hovudtyngda av innspel som er tilrådd tatt ut er innspel som ikkje ligg i tilknyting til område avsett til fritidsbustad i gjeldande plan og som difor råker fastsett kriterie for grovsiling. Innspela vil innebere etablering av nye enkeltståande areal for fritidsbustad.

Hovudtyngda av innspel som er tilrådd tatt med/justert er innspel på utviding/tilpassing av eksisterande område avsett til fritidsbustad. Merk at nokre innspel er tatt med vidare på grunn av behovet for å gjere ei samla vurdering av eit område, det gjeld til dømes innanfor lokal vekstsone for Bøvågen.

Fleire innspel peikar på behovet for å få endra arealføremålet i tråd med eksisterande situasjon. Alver kommune har mange bygde eigedomar (både bustad og fritidsbustad) som ligg i landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF). Kommunedirektøren forstår dette ønske. Det er ikkje ønskeleg eller realistisk i kommuneplanen sin arealdel å gjere ei slik endring. Mange av desse bygga er oppført tilbake i tid, med eit anna lovverk enn i dag. Verktøyet for å sikre opning for mindre tiltak, utan krav om dispensasjon, på desse eigedomane er opplista av bygde eigedomar i LNF, som får status som LNF-spreidd bustad/fritidsbustad. Kva eigedomar som vil bli omfatta av opplista, vil bli avklart i den pågående prosessen, jamfør sak 095/23 i utval for areal, plan og miljø 14. juni 2023.

Rettleiing – kva betyr framlegg til grovsiling?

Innspel på fritidsbustad som er del av framlegg til grovsiling er presentert i dette kartlaget i nordhordlandskart. Trykk her for å gå inn i kartet: <https://www.nordhordlandskart.no/share/8b6d95fce94>

I arbeidet med grovsiling har administrasjonen fylt ut eit skjema for kvart innspel, huka av aktuelle kriterie og konkludert med ei tilråding, basert på metode for grovsiling av arealinnspela. På grunn av det store omfanget av innspel, er argumentasjonen i skjema kortfatta.

*Tabell 4 Rettleiing framlegg til grovsiling*

Fargekode	Forklaring	Vidare prosess
Grøn farge	Innspel vert tilrådd tatt med vidare	Innspellet råker ikkje nokon av kriteria for grovsiling, og vert tatt med i det vidare arbeidet.
Gul farge	Innspellet vert tilrådd tatt med vidare, men med forklaring i tekst på tilrådd justering av innspellet.	Innspellet vert justert i tråd med tilrådinga, og tatt med i den vidare prosessen. Justering av innspellet skal gjerast etter at grovsiling av alle arealinnspela er gjennomført.
Raud farge	Innspellet vert tilrådd tatt ut, basert på kriteria i vedtatt metode for grovsiling	Innspellet vert ikkje tatt med i det vidare arbeidet.

Status og framdriftsplan for planarbeidet

I møtet i utval for areal, plan og miljø, 14. juni 2023 (sak 096/53), la kommunedirektøren fram eit notat om

framdrift for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. I notatet står det at kommunedirektøren kjem attende med ein meir detaljert framdriftsplan i neste styringsgruppemøte. Framdriftsplan vert lagt fram i styringsgruppemøte 27. september 2023.

**Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren tilrår at styringsgruppa for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel gjev sin tilslutning til framlegg til grovsiling av innspel på fritidsbustad.